

FAU-møte Solvorn Oppvekstsenter tysdag 14. februar kl. 17.30

Desse møtte: Grete Marie S. Solvi (rektor), Jannike Skår (1-2. klasse), Svein Arve Ruud (3-4. klasse) og Heidrun F. Skjeldestad (5-7. klasse)

Sakliste:

1. Konstituering: Heidrun vart samrøystes vald som ny leiar av FAU. Tidlegare leiar Astrid Ullestad trakk seg tidlegare i vinter og det er no semje om å halde fram med 3 medlemmar i FAU. Jannike vart vald som nestleiar og Svein Arve vart vald som skrivar.
2. Utbetring av uteareal ved Solvorn Oppvekstsenter: Jannike orienterte frå sitt møte med Erling Bjørnetun i Luster Kommune. Prosjektet er samansett og definert som ulike tiltak, og dermed vert det fleire søknadsprosessar for finansiering. Sykkelpase er sett på som idrettsanlegg, som ein kan søke Tippemidlar til. Nye skliar, basketstativ osv. vert rekna som nærmiljøtiltak og skal søkast om til Luster Kommune innan 1. mars. Dei to første sakene må Solvorn Bygdalag stå som søker på. Det tredje tiltaket, asfaltering av skuleplassen, bør skulen søke om gjennom ekstraordinære midlar via tenesteplan. FAU koordinerar det vidare samarbeidet med skule/bygdalaget.
3. Evaluering av uønska hending 16.01.2017: Skulen har gått igjennom situasjonen med kommunalsjef for Oppvekst og internt på huset. Ein er samd om at ting vart gjort rett frå skulen si side. Informasjonsbehovet var stort, og alle kontaktpunkta mot skulen kunne verke forstyrrande på arbeidet til dei tilsette dei første dagane. Men ein laut òg rekna med at det ville kome hendingar frå heimar, då dette tross alt var ei alvorleg hending. Ein saknar til dels at foreldra har tillit til at skulen handterer slike situasjonar, kanskje mest pga problemstillinga informasjonsplikt/teieplikt. Etter ynskje frå FAU vart det halde eit møte mellom FAU, skulen og kommunalsjef Oppvekst. Dette resulterte i eit lengre infoskriv til alle foreldra. Det er sett i verk tiltak, bl a auka bemanning, men som nemnt tidlegare kan ein ikkje gå inn på detaljar (teieplikt/personvern) kring dette. Ein har prøvd å informera så godt det let seg gjera, men ein må òg setja spørsmålsteikn ved kor mykje informasjon skulen er pliktige til å gje ut. Frå skulehald opplevde ein at elevane raskt var trygge og at kvardagen kom tilbake. FAU er sjølvkritiske på at eit arbeidsmøte kunne vore halde tidlegare. Men situasjonen var uoversiktleg på den måten at det stadig kom nye hendingar og ny informasjon. Enkelte heimar har fremja ynskje om at skulen kunne gått ut med felles informasjon om korleis heimane snakkar om slike ekstraordinære hendingar med sine born.
4. For at alle med tilknytning til Solvorn Oppvekstsenter skal trivast, er ein avhengig av eit godt samarbeid mellom skule og heim. FAU arrangerte kinokveld for skuleelevane måndag 13. februar. Elevane kom med tilbakemeldingar på at dette var

kjekt, og noko dei ville ha meir av! Me oppfordrar foreldre/føresette til å koma med ynskjer/forslag til foreldrekontaktane om sosiale aktivitetar me kan gjennomføra. Gjerne aktivitetar for elevane ilag med foreldre/føresette! Elles minner me om at kontaktlærer er foreldre/føresette sin primærkontakt kring spørsmål om eigne born og deira skulekvardag. Gjeld henvendingane saker som naturleg fell inn under FAU sitt område, ynskjer me gjerne at spurnaden er framstilt skriftleg. FAU tok òg opp andre kommunikasjonsstrategiar for skule/heim-kontakt, etter ynskje frå enkelte i foreldregruppa. Her meiner FAU at ein har forbetningspotensiale, og dette vert frå skulen si side teke til etterretning, og på alvor. Dette vil bli etterkomme so langt det let seg gjera, noko FAU har tillit til.

5. Pizzasalet held fram med 50 kr pr elev/lærer pr salsomgang. Lærer, gjerne ilag med elevar samlar inn pengane og gjev dei vidare til FAU-representant som set desse på konto. FAU disponerer for tida to bankkontoar som etterkvart kjem på leiar Heidrun F. Skjeldestad sine hender. Den eine er øyremerka pizzapengane som går til Bergensturen våren 2018. (dåverande 4. til 7.-klasse). Den andre vil verte brukt til kinokveldar, sommarhelsingar til tilsette osv. FAU vil kreve inn ein sum frå kv,ar elev til dette arbeidet. Det vil verte halde eit info-møte vedrørande Bergensturen 2018, for dei føresette dette gjeld. Dette vil skulen/FAU koma attende til.
6. Lærer Andreas Fjørstad har den siste tida hatt eit tilbod til elevane i 5-7. klasse om trening i gymsalen. Rektor orienterte om at dette er eit privat initiativ, og ikkje ein organisert aktivitet frå skulen si side. Dette tykkjer FAU er eit særst positivt tiltak, og tilbodet har vorte godt motteke.